

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 5.3.2020 kl.17.30-19.30

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Anne Kjersti Frøyen, Else Karin Veslegard, Torfinn Slåtto, Arild Ø Hansen, Vigdis Moen Storhaug

Opning: Torfinn – Eit forsvar for trosforsvar

Saksnr.		Ansvar
10/20	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
11/20	Samtale med Elin Etterlid Tveito Gir uttrykk for at ho likar arbeidet godt, men at det var og er mykje å sete seg inn i. Fekk litt lite opplæring (liten overlapping). Alltid hyggeleg å kome inn på kontoret til Elin.	
12/20	Godkjenning av sokna sine rekneskap Ål: Har att ca 14.000,- etter gravferd til Svein Helge Bekkestad til trusopplæring. Trusopplæringsutvalet bør informerast om dette. Me bør gå gjennom bruk av kontolinjer i rekneskapan for evt å kunne forenkle. Soknerådet godkjenner rekneskapa for dei tre sokna under føresetnad av at revisor ikkje har vesentlege merknadar.	Vigdis M S Einar B, Birger B og Torfinn S
13/20	Gåve til konfirmantane Soknerådet går inn for at det blir delt ut rose til konfirmantane av representant frå soknerådet (i bunad). Vigdis M S har helsing til konfirmantane. Einar B ordnar med innkjøp av roser.	Einar B Vigdis M S
14/20	Gåve til dei som har leia barnekor Det har kome innspel om å gje ei påskjønning til dei to para som har hatt ansvaret for barnekor. Dei har gjort eit godt arbeid utan godtgjering. Soknerådet vil gje kr 2.000,- til kvar av dei to para med takk for god innsats. Vigdis M S skriv eit takkekort. Gåvene blir belasta Ål sokn.	Vigdis M S
15/20	Dugnad på kyrkjegardane Dugnad på kyrkjegardane er eit fellesskapsbyggande tiltak i tillegg til å gjere det fint rundt kyrkjene våre. Me bør informere om desse dugnadane i kyrkjebladet og oppmode om at folk møter opp. Det er vanskeleg å bestemme datoar enno, men det bør vere før konfirmasjonar og 17.mai. AU avtalar datoar med Kjellfred og annonserer i Hallingdølen og på nettsidene til kyrkja.	Kyrkjebladet
16/20	Meir himmel på jord – dåp og trusopplæring Strategisk hovudmål 2 i Strategiplan 2019-2021 vart gjennomgått av Vigdis. Dåpstala er gode i vårt område, men svært dårleg andre stader i landet. Dåp er eit satingsområde i 2020. Det blir eit enklare og meir reelt val for ein ungdom dersom dei er døypt som barn. Kyrkja bør arbeide med å bevisstgjere folk om det positive med å døype borna og kva ein går glipp av ved å ikkje gjere det. Kyrkjebladet kan gjerne nyttast til dette. Kanskje intervju med nokon som har valt dåp for barnet sitt?	Kyrkjebladet
17/20	Meldingar a) Arild Øystese Hansen er med i styret for stiftinga Tid b) Invitasjon til 50-årskonfirmantane er sendt c) Korrigert kyrkjeleg statistikk	
18/20	Den katolske gruppe i Ål kyrkje Saka vart handsama i forlenginga av årsmøtet den 19.2.2020. Soknerådet går inn for at Den katolske gruppe i Hallingdal skal kunne nytte Ål kyrkje til messe den 23.2.2020.	
Neste møte: tors 16.4.2020 kl 17:30 i Ål kyrkjestugu Opning: Liv Margit S		
Skrivar: Torfinn Slåtto		